

Helsetorgmodellen

Status rapport frå:

Delprosjektgruppe Rehabilitering/LMS/Frisklivssentraler

Eidfjord, Ullensvang og Odda kommunar, Høgskulen (HSH), Odda sjukehus Helse Fonna

Rehabilitering / LMS / frisklivssentraler

Status prosjekt:

Prosjektgruppa hadde fyrste møtet i mai 2011. Prosjektleiar vart tilsett i 40 % stilling i prosjektet ut 2012. Me har hatt til saman 6 møter.

I haust valgte me etter forslag frå styringsgruppa, å dele opp prosjektet:

- Fase 1 Rehabiliteringssenger og kartlegging rundt det.
- Fase 2 Arbeida med LMS og frisklivstilbod (Frisklivssentral).

Arbeidsform:

Gruppa har sendt ut kartlegging av rehabilitering/ opplæring og kompetanse til dei involverte kommunane. Informasjon frå ekstern forelesar om frisklivssentraler. Tema dag i Motiverande Intervju der helsearbeidarar frå kommune og sjukehus var invitert, 30 møtte. To av prosjekt-deltakarane var på kurs i dei nye helse lovene. Eit møte hadde me i Ullensvang herad. På det siste møte før jul var me på Bokkotunet og fekk me omvising og informasjon om rehabiliteringsavdelinga i Odda kommune. Folkehelsekoordinator i Odda informerte om Campus Odda – folkehelseprosjekt. Ein representant frå kvar kommune er kontaktperson for rehabiliteringsdelen og gir innspel frå sin kommune. 4 av deltakerane var og hospiterte på LMS og Frisklivssentral i Sandefjord, februar 2012. 15. mars er alle samarbeidskommunar invitert på fagdag i hjerneslag.

FASE 1

Fokusområde rehabilitering

Mål for fokusområde rehabilitering er tidlig avdekking av funksjonssvikt og raskt oppstart av rehabiliteringstiltak på rett nivå i helsetenesta. Pasientar i kommunane Eidfjord, Ullensvang og Odda skal få rask hjelp med å avdekke funksjonssvikt og trong for rehabilitering. Tiltak blir sett i verk i regi av eigen kommune, eller i samarbeid med nabokommunane, sjukehus.

Rehabiliteringssenger i den enkelte kommune eller interkommunalt. Prosjektet skal lage eit forslag til plan for korleis rehabiliteringstenesta kan organiserast i dei ulike kommunane eller interkommunalt. Det skal prøvast ut ulike tiltak innan rehabilitering og lærings- og meistringstilbod, på tvers av kommunegrensar og med Helse Fonna og Høgskulen Stord/Haugesund som samarbeidspartnarar. Lærings- og meistringsstrategi skal ligge som grunnlag for utforming av tiltak.

Avgrensing

Rehabiliteringsdelen i dette prosjektet skal omhandle rehabiliteringssenger, ikkje ambulante rehabiliteringsteam.

FASE 2

Interkommunalt frisklivs og meistringstilbod / sentral. Januar 2012 – til desember 2012.

Hovedmål:

Utarbeide ein modell for eit interkommunalt Frisklivs- og meistringssenter.

I arbeidsprosessen:

Prøve ut Frisklivs- og meistringsaktiviteter interkommunalt i samarbeid med Lærings- og meistringssenteret ved Odda sjukehus.

Oppnå:

At flest pasientar med trong for kan få naudsynt opplæring og meistringskompetanse nærast mogleg heimen. Utvikle samhandlingsstrukturar og arenaer for å gi pasientar og pårørande opplevinga av eit saumlaust tilbod kor opplæring og oppfølging inngår. Me ynskjer å sikre et heilskapleg helsetenestetilbod på tvers av forvaltningsnivå for dei største pasientgruppene som er vektlagt i samhandlingsreforma. Å få til eit heilskapeleg pasientforløp for ulike grupper. Prosjektet skal koordinerast med det folkehelse- og frisklivsarbeidet som i dag er i dei tre kommunane.

I prosjektet skal ein planlegge - gjennomføre og evaluere eit kurs for vaksen, og eit for barn / foreldre. Dette etter retningslinjer frå Lærings – og meistringssentera sin arbeidsmetode der brukarrepresentantar og fagpersonar saman *planlegger, gjennomfører og evaluerer* tilbod.

Deltakarar:

Jorunn Sekse Prosjektleder	Sjukepleiar/funksjonsleder Fys/rehab/LMS Odda sjukehus
Ingebjørg M. Brekke	Sjukepleiar Odda

Helsetorgmodellen januar 2012

Denis Camus	Tilsynslege Odda legesenter
Anne Myklatun	Helsesøster Eidfjord
Margunn Lægreid	Avd.sjukepleier Eidfjord
Edith Sivertsen	Sjukepleiar Ullensvang
Unni Håvik	Sjukepleier Ullensvang
Marion Ryen	Ergoterapeut Ergo/fysio avdeling Odda
Bjørg Hovin	Brukerrepresentant FFO
Terje Espe	Styrigsgruppa i Helse Fonna
Arvid Birkeland	<u>FOU representantar/støtte</u> HSH

Odda 27. februar. 2012

Jorunn Sekse

Prosjektleder